



Gunnhild Øyehaug: Det regnar i kjærleiken

ROAR ER DØDSSJUK.

Men han vil ikkje snakke om det.

– Nei, seier Roar. – Eg vil ikkje snakke om det.

Han kikar ut stovevindauget. Ein snigle med eit gult hus på ryggen sleper seg langsamt over glaset på utsida, let etter seg eit blankt spor over blodbøken som står full av blad og dirrar i kveldslyset. Det er sommar.

– Punktum, seier han, og lener seg fram og dyttar den nedste dråpen i bestemors gamle lysekrone av krystall. Det klirrar svakt.

– Veit du kva som skjedde med Henrik her om dagen? spør han. – Nei, seier eg. – Han gjekk ... Roar ser på meg, ber meg om ikkje å gje han det blikket, har han sagt han ikkje vil snakke om det, så vil han ikkje, no skal han fortelje om Henrik og om kva som skjedde med Henrik her om dagen. – Er du meir nøgd med blikket mitt no? spør eg. Han nikkar.

– Henrik var ute og gjekk, seier han. Og så fortel han om korleis Henrik var ute og gjekk og om kva som skjedde med han – at han gjespa akkurat under ei litt lav grein og at han dermed fekk ein klump av bittesmå edderkoppar i munnen – mens eg ser på auga hans, som er store og lyst, lyst blå, med lange vippar, og tenker at han har eit slags innoverblikk, at det ser ut som om det berre er såvidt han held ut å sjå på deg, sjølv om han ser på deg, at irisane berre er ei bakside, at dei eigentleg ser innover i hovudet hans, og eg lurar på kvifor han ikkje vil snakke om det, sjølv om det kanskje ikkje er så mykje å seie. Kanskje han trur det ville vere for mykje for meg, at ein av oss ville kome til å gråte og at den andre ikkje ville vite korleis ein skulle hanskast med det. Sjølv om vi har vakse opp i lag og kjenner kvarandre inn og ut og har dytta den nedste dråpen i bestemors gamle lysekrone av krystall hundrevis av gonger for å høyre kor det klirra. Han har nettopp hengt henne opp. Han fekk ho av meg då eg kom, eg



Gunnhild Øyehaug (f. 1975)

ville at han skulle ha henne, tenkte at viss han hadde den nedste dråpen å dytte på, for å høyre kor det klirra ... Når han ser ut av vindauget på denne måten, vert auga hans nesten gjennom-siktige, og han er så bleik i ansiktet, så bleik at han nesten er svart. – Oæææ, seier eg. – No har du blikket igjen, seier han. – Er det der no? spør eg og rynkar bryna langt opp i panna mens eg skjeglar. Roar smiler, det er nesten så vi må le. – Har du høyrte om kameraten til Ole, då, spør eg, og det har han ikkje. – Det er ekkelt, altså, seier eg. – Kom med det, seier han. – Han var ute og køyrde motorsykkel, hadde nettopp kome ut av ein tunnel då ein fugl small rett i brystkassa hans og på grunn av luftmotstanden blei fuglen pressa opp til hjelmen, opp under kanten, og inn i hjelmen, daud og blodig, og kameraten til Ole spydde momentant, inne i hjelmen, alt skjedde så raskt, han vingla nokre meter bortetter vegen, fekk stoppa sykkel, reiv av seg hjelmen, som var full av fugl og spy, og sprang ned til fjorden og dyppa hovudet i saltvatn, seier eg og merkar at hjartet mitt dunkar fort fordi eg sa at fuglen døydd, eg må sjå ned i golvet. – Oæh, seier Roar.

– Eg fekk ein diger, kvit makk inne i ein Toblerone ein gong, seier han, i bokstaven R.
– Aldri meir Toblerone, seier eg, bit meg i leppa. Alt eg seier blir feil. Men Roar ler og seier – Nei, og det er synd. Og eg har fått eit problematisk forhold til min eigen forbokstav i tillegg. Det er endå meir synd. Eg tok det symbolsk, rett og slett, eg tenkte at dette er eit teikn; namnet mitt husar ein stor, kvit makk. Eg tenker på å skifte namn. – Til kva då, spør eg. – Joar, seier han. – Du bør bytte ut den siste også, seier eg: – *Joaj*. Vi ler.
– Tenk at namnet ditt betyr brøl, på engelsk, seier eg. – Ja, *tenk* på det, seier Roar, og eg tenker på det, og innser at eg har sagt noko feil igjen, ettersom namnet hans snart skal tyde tausheit, var det det han meinte, eller?

– Vil du ha litt whisky, spør han og eg seier at eg tykkjer det smakar såpe, Roar fnyser, skjenkar whisky. – Skål, seier Roar, – skål, seier eg, tek ein slurk. Eg ristar ufrivillig på hovudet, Roar smiler. – Men eg likar den brennande kjensla i halsen, seier eg. Vi sit stille og drikk.
– For å halde fram vår kavalkade over forferdelege hendingar, seier Roar etter ei stund, – eg såg ei skjor ein gong, som landa i reiret sitt i epletreet der nede, og så kom det ein ramn og drap henne. – Eg visste ikkje at ramnen drap andre fuglar, seier eg. – Nei, men så er du også ein person som meiner at whisky smakar såpe, seier Roar, og eg må sjå ut vindaugget for å prøve å skjule kor glad eg vart for at han sa akkurat det. Det ville vere flaut om han forstod at slike kommentarar frå han gjer meg glad på ein heilt bestemt og håpefull måte. Det ville vere flaut om han forstod at eg er forelska i han!
– Ramnen plukka av henne fjøyra, parterte henne, og tok med seg berre dei delane av henne som han ville ha. – Det høyrer så kynisk ut, seier eg. – Det er naturen, seier Roar.
– Og naturen er kynisk. – Onkel Arve fann ei svale ein gong, seier eg, – som låg steindaud oppå egg sine. Ho hadde ruga seg i hel.
– Ein gong, seier Roar, han avbryt meg nesten, skjenkar meir whisky med vidt oppsperra auge,

– ein gong vart kattungane våre oppetne av ein hannkatt som hadde snike seg inn i kjellaren. – Ja, for elles var det jo onkel Arve som måtte kakke dei, seier eg. Og vi må nesten le. Eg ser på handa hans som held om glaset, tenker at eg vil at ho skal ta inn under håret mitt, hendene hans har blitt tynnare, det er like før dei forsvinn i lufta, det er sikkert perverst av meg å bli kåt av dei, no også, trass i alt, eg burde skamme meg, dei finn fram ein sigarett frå sigarett-pakken i brystlomma, dei stikk sigaretten inn mellom leppene, eg vil at dei skal late sigaretten bli hengande frå leppene, at han skal gripe inn i håret mitt, frå nakken, og opp. Men det er for seint å kome med slikt no. Vi tek ikkje på kvarandre på slike måtar. Vi klemmer kvarandre, vi kysser kvarandre på kinnet, vi dultar kvarandre i sidene, vi klapsar kvarandre på ryggen. Men vi tek ikkje hendene våre inn i håret til kvarandre, frå nakken, og opp. Vi står ikkje lenge og ser kvarandre inn i auga utan å seie noko. Spesielt ikkje no. Det ville kunne få oss til å gråte. Dessutan seier vi alltid eitt eller anna. – Du, seier eg brått, før eg får tenkt meg om. – Det er noko eg må seie. Eg stansar, kjenner at eg blir meir og meir tørr i munnen. Men no må eg gjere det.
– I filmar, veit du, brukar dei å sitte slik som dette og gru seg og gru seg for det dei må seie, og så seier dei anten noko heilt anna, som til dømes at dei ikkje har hengt opp vasken eller noko, eller så fortel dei det dei grudde seg for å seie i form av ei historie om ein ven av seg. Roar ser mørkt på meg.
– Meiner du at det er det eg har gjort i kveld? Eg har sagt at eg ikkje vil snakke om det. – Eg veit det, det er ikkje det, det er noko anna. – OK, seier Roar. Han ventar. Eg ser på han, dreg pusten, og seier – eller OK. Det *var* det. Roar ristar på hovudet.
– Tenk at namnet ditt tyder «eg har gløymt å henge opp vasken», på engelsk. – Ja, tenk på det, seier eg, ler litt, redda.



Angelo Morbelli: *Ungt par*, parti fra *Drømmen og virkeligheten* (blyant og kullstift på papir), tredelt altertavle, 1905

– Lyset på badet mitt har gått, seier han etter ei stund, og tenner sigaretten. – Om natta er det mørkt der inne på ein heilt underleg måte, eg kan stå der lenge, og sjå på alt som er der, på handdukane, som heng frå knaggane, tannbørsta i tannglaset, tannkremen, barberhøvelen, dusjforhenget, og det er som om eg ikkje er i rommet, som om eg ikkje burde vere der, som om eg ser korleis ting ser ut når eg ikkje er der, skjønar du? Og at eg ikkje burde, at eg hindrar noko, men nesten *derfor* blir eg ståande. Eg nikkar, er redd, no snakkar han om det, og eg vil at han skal slutte. – Og eg likar det, seier han. Han ser på meg. – Er du kåt? spør han, står med hovudet på skakke. – Hæ? seier eg. – Du stryk deg sjølv på låret. Du gjer alltid det når du har drukke, seier han, og eg må sjå ut vindaug et igjen. – Det er naturen, mumlar eg, – og naturen er kynisk. Han ler. – Ein gong piska eg deg med nokre plastikkør som eg fann bak huset, hugsar du det? seier han, og eg

seier som eg alltid seier, at eg ikkje hugsar, at eg må ha fortrent det, at det må ha vore så fælt at eg berre har bestemt meg for å viske det ut, og kva slags kinky assosiasjon er dette, forresten, – og eg vart sjuk, seier Roar, – etterpå, av dårleg samvit, eg måtte vere inne i to dagar og ligge i senga og ete druesukker-tablettar. Og du kom på sjukebesøk, men kunne ikkje sitte på sengekanten, seier Roar. Vi ler.

Det byrjar å regne. Roar opnar vindaug et. – Kom og høyr, seier han. Eg går bort til han, ser ut i hagen med epletrea, den kvite benken, og høyrer regnet som fell gjennom blodbøken. Det rislar. Det prikkar. Prikkar i nakken. Han tek rundt meg, held meg inntil seg, eg har kinnet inn mot brystkassa hans. Dette er faktisk meir enn eg kan orke. Dette er dråpen. Eg spør om han ikkje kan ta handa si inn i håret mitt, frå nakken og opp. – Hm? seier han. Eg spør om han ikkje kan ta handa si inn i håret mitt, frå nakken og opp. – Ikkje faen, seier han. – Men sidan det er du ... og så gjer han det, han tek handa si inn i håret mitt, frå nakken, og opp. Lener panna si mot panna mi. Dette er det næraste han har vore. Han har handa si i håret mitt. Men alt eg kjenner, er kor det brenn og brenn i halsen. – He's got the whole world, syng han. – Idiot, seier eg, med klumpete stemme, men ler litt, så han skal forstå at eg ikkje meinte det. ■